

Arkivnr: 2016/5547-2

Saksbehandlar: Gunnbjørg Austrheim, Inger Lena Gåsemyr, David Sandved, Elizabeth Warren

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		14.09.2016

Austevoll kommune - Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028 - fråsegn**Samandrag**

Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028 for Austevoll kommune er lagt ut på høyring 12.05.2016. Frist til å komme med innspel er satt til 01.08.2016. Fylkeskommunen søkt om utsatt frist til 15.09.2016 slik at saka kan handsamast av KIRU.

Dette er den første kulturminneplanen utarbeida for Austevoll kommunen. Planprogrammet var på høyring i oktober 2015. Arbeidet med delplanen vart gjennomført mellom august 2015 og juni 2016.

I prosjektet «*Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016*» har Hordaland fylkeskommune etablert ei satsing på lokalt kulturminnevern, som mellom anna mellom inneber utarbeiding av kommunale kulturminneplanar. Austevoll kommune har delteke i prosjektet. Fylkeskommunen var med på møte for oppstart av planarbeidet i Bekkjarvik 15. juni 2015, samt ei synfaring for å sjå på nokre av kulturminna i Austevoll 28. januar 2016.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil kommunedelplanen verte eit godt grunnlag for å styrke forvaltinga av kulturminne i kommunen. Det er likevel trong for nokre justeringar og presiseringar. Fylkesrådmannen rår til at Austevoll tek omsyn til merknadene og arbeider desse inn i planen før endeleg vedtak. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i revidering av planarbeidet. Dette gjeld også neste planperiode 2016-2028, der kommunen skal registrere resten av kulturminna i kommunen og gjennomføre ulike tiltak for å sikra god kommunal forvaltning av kulturminna, styrkja kulturminne som ressurs og formidle kunnskapen om lokale kulturminne.

Forslag til vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne for Austevoll 2016-2028 er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminne i Austevoll kommune.
2. Austevoll kommune bør særleg merksemd på dei kulturminna som er knytt til førhistorie, kystkultur og fiskeri, landbruk og samferdsle.
3. Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å bli eit godt plandokument for styring og utvikling av kulturminnevernet i kommunen og i formidlinga av viktige kulturminne.
4. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Austevoll. Tiltak i handlingsplanen bør konkretiserast med kven som har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering,

framdrift og samarbeidspartnarar.

5. Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnefagleg rådgjeving for private eigarar og lokal handverkarar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Austevoll kommune - Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028

Fylkesrådmannen, 12.07.2016

Bakgrunn

Kommunestyret i Austevoll vedtok 12.05.2016, jf sak 062/16, å leggje kulturminneplanen til 1. gongs offentleg høyring. Høyringsperioden er 06.06.2016 – 01.08.2016. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Austevoll kommune har mange verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, til dømes Hufthammartunet, gravrøysene på Kongsfjellet, Økshammar fyr, naustmiljøet ved Fagerbakke og Stolmavågen, kulturmiljø ved Kvalvåg og Bekkjarvik, den gamle handelsstaden på Bakkasund, Bakholmen, Krosshamn og kulturlandskapet rundt Gauksheim. Fabrikksnurparen «Møgsterfjord» frå 1975, som kan vere den fyrste i landet og Havforskningsinstituttet si etablering på 1970-talet er og viktige kulturminne som syner utviklinga av fiske- og havbruksnæringa i nyare tid. Dei er alle knytte til kystkulturen, eit nasjonalt og regionalt satsingsområde i kulturminnevernet. Jf Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, *Premiss kultur*.

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016», jf. vedtak i fylkesutvalet 30. januar 2014, PS 14/2014. Prosjektet legg til rette for betre samarbeid med kommunane og ei felles satsing på kunnskap og kompetanse. Ein viktig del av prosjektet er utarbeiding av kulturminneplanar i alle kommunar. Ein kulturminneplan skal avklare to hovudspørsmål: A. kva kulturminne finst i kommunen, og B. korleis tek ein vare på dei. Gjennom ein plan kan kommunane sjølv prioritere og ta stilling til innretninga av lokalt bevaringsarbeid, korleis ein kan nytte kulturminne som ressursar i stadutviklinga og korleis dei kan integrerast i andre planar. Kulturminneplanlegging gjev eit meir føreseieleg kulturminnevern og gjev også meir føreseielege rammer for ny utvikling i kommunen. Fylkesutvalet har vedteke at alle kommunar bør ha planar som legg tydelege føringar for kulturminneforvaltinga.

Dette er Austevoll kommune sin første kulturminneplan. Kommunen starta arbeidet med kommunedelplan for kulturminne i 2015. Planprogrammet vart lagt ut på høyring 29.10.2015. Arbeidet med delplanen vart gjennomført mellom august 2015 og juni 2016. Det har vore ein stram framdriftsplan for kulturminneplanarbeidet. Erfaringa frå dei andre kommunane er at det tar tid å få planen forankra hjå innbyggjarane og elles i kommunen. Austevoll kommune har heller valt å få planen ferdig fortare og heller bruke planen til å utvikle kulturminneforvaltinga i kommunen.

Planframlegg

Kommunedelplanen for kulturminne er delt inn i tre delar.

DEL 1: KULTURMINNE SOM TEMA FOR LOKAL SAMFUNNSUTVIKLING

DEL 2: LOKALE KULTURMINNE OG HANDLINGSPROGRAM

DEL 3: VEDLEGG/KULTURMINNEDEL

Del 1 (Kapittel 1-3) gjev ei innføring i tilstanden til kulturminneforvaltinga i kommunen. Den gjev også eit oversyn over gjeldande kommunale-, regionale- og statlege føringar. Mål og delmål for planen er presisert, forhold til andre planer i kommunen er forklart og ulike omgrep innan kulturminneforvaltinga er definert. Her vert det gjeve ei oppsummering om kva utfordringar kommunen står ovanfor i høve til dette fagfeltet. Vidare tek det opp kriterier for vern av kulturminne, samt gjer greie for kulturminne som grunnlag for verdiskaping.

Del 2 (Kapittel 4-6) gjev ei kort skildring av historiske liner og ulike typar kulturminne i kommunen. Her ligg handlingsdelen med forslag til tiltak. Denne gjev føringar for oppgåver kommunen vil gjennomføre i planperioden. I tillegg fins ei liste over kjelder og litteratur.

Del 3 (Vedlegg/kulturminnedel) gjev eit skjematisk oversyn over kulturminne i Austevoll kommune, som viser kva arbeid som er gjort og kva som stå att i forhold til registrering og dokumentasjon av kulturminner i kommunen. Kulturminne engasjerer innbyggjarane i kommunen. Etter etterlysning i sosial media og i lokalavisa i november og desember 2015, kom det inn opp imot 50 forslag og tips om faste og lause kulturminne som innbyggjarane vil skal vere med i kulturminneplanen.

Vurdering

Høyringsutkastet er ein kommunedelplan for kulturminne som gjev prinsipielle føringar for kommunal forvaltning og forslag til tiltak i planperioden. Samla sett grip kulturminneplanen om breidda i kulturarven i Austevoll kommune og femner dermed om eit stort og vidt fagområde. Framlegget peiker mellom anna på kva ansvar kommunen har for berekraftig kulturminneforvaltning og kva ubrukt potensiale og ressurs kulturminne har for kunnskapsformidling og utviklingsprosjekt. Dette er svært bra. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil kommunedelplanen, med nokre små justeringar, verte eit godt styringsdokument for forvaltninga i kommunen.

Forslag til vedtak:

- *Kommunedelplan for kulturminne for Austevoll 2016-2028 er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminne i Austevoll.*

Viktige kulturminne i Austevoll

Arbeidet med kulturminneplanen har vore tidsavgrensa, og det kjem tydeleg fram i planen at det er trong for meir grunnarbeid når det gjeld registreringar, dokumentering og verdisetting av særleg nyare tids kulturminne. Planen har likevel gode føresetnader til å bli eit effektivt reiskap i det vidare arbeidet med kulturminne og landskap. Delar av det omfattande grunnlagsmaterialet presentert i tabellform i del 3 bør bli meir integrert i sjølve planframlegget. I del 3 er materialet presentert etter desse tema☺

Fornminne/Automatisk freda kulturminne:

- Spor etter vår eldste historie i landskapet
- Lause kulturminne

Nyare tids kulturminne:

- Kyrkjer, kyrkjebygg og gravplassar
- Kulturmiljø i kystkulturen sitt kulturlandskap (Handelsstader, tettstader, sjøhusmiljø)
- Kulturmiljø i landbruket sitt kulturlandskap (gardsanlegg, utmarksverksemd)
- Samferdsle
- Næring, tekniske/industrielle kulturminne og vassdrag
- Samfunnsinstitusjonar (offentleg bygg, organisasjonsliv og skulebygg)
- Forsvar og krigsminne
- Ferie og fritid
- Bustadar og arkitektur (historisk utvikling innan lokal arkitektur)
- Parkar og hagar

Lause kulturminne frå etterreformatorisk og nyare tid:

- Private og offentlege samlingar og kulturhistoriske gjenstandar
- Båt og fartøy
- Reiskap frå fiskeri og anna verksemd
- Foto og skriftleg materiale
- Kunst

Immaterielle kulturminne:

- Handverk
- Tradisjon og segner
- Song, musikk og dans


Ein har god oversikt over kulturminne innanfor nokre av tema som kyrkjer og sjøbruksmiljø, men i høve til andre tema er informasjonen meir varierende. Fylkesrådmannen foreslår at kommunen utvidar kapittel 5 med ei meir detaljert drøfting av kvart tema med eksemplar frå del 3. For kvart tema bør ein summere opp kva kunnskap ein har, kva kulturminne ein har (inkludere bilete av kulturminne), verdivurdere, kva kulturminne ein vil prioritere og skildre korleis ein skal skaffe seg meir kunnskap, dersom det er naudsynt. Ein god del slik informasjon ligg i tabellane i del 3 eller i kapittel 4 om Austevollsamfunnet i utvikling frå fortid til nåtid. Ei temavis oppdeling ville gjort det enklare å etablere ei klar oversikt med grunngjeving og verdivurdering av nyare tids kulturminne i Austevoll.

Forslag til vedtak:

- Austevoll kommune bør har særleg merksemd på dei kulturminna som er knytte til førhistorie, kystkultur, fiskeri, landbruk og samferdsel.
- Planen treng nokre mindre endringar på struktur og presentasjon for å bli eit godt plandokument som skal styre utvikling av kulturminnearbeid og formidle viktige kulturminne i kommunen.

Arkeologiske kulturminne

Arkeologiske kulturminne er viktige for forståinga av Austevoll sitt historiske landskap. Desse er omtalt i kapittel 4, kapittel 5 og med ei liste i del 3. Planforslaget har fleire fine illustrasjonar av forhistoriske funn som er gjort i Austevoll. Eit kart/tabell som viser fordelinga av ulike type arkeologiske kulturminne med datering eller type vil kunne gi innblikk i tema på ein anna måte, jf. figur vist nedanfor.



Arkeologiske kulturminne har stort potensiale for bruk og formidling og for utvikling av lokalkunnskap, samt gje auka eigarskap til kulturhistoria vår. Kulturminneplanen bør difor peike ut kva slags arkeologiske kulturminne ein vil sikre i planperioden gjennom bevaringsprogram for arkeologisk kulturminne (BARK) i samråd med skole/frivillige og fylkeskommunen. Handlingsplandel av kulturminneplanen er eit godt verktøy for kommunen til å prioritere eller omprioritere ulike tiltak. For eksempel er skolen på Møkster interessert i å rydde og legge til rette for formidling av bygdeborgen, som er registrert på øya (id 111682). Er det aktuelt å prioritere eit slik prosjekt i handlingsplanen? Planen framhevar tilrettelegging av gravrøysa på Aratuå ved Hufthammar (id 55432) som viktig (side 22), men dette er ikkje spesifikt omtalt i handlingsplanen.

Handlingsplan

Handlingsplanen trekker fram mange generelle og gode målretta tiltak, som for eksempel å styrkje det tradisjonelle bygningsvernet ved å utvikle lokale tilskotsordningar og å satse på kompetanseheving med rådgjeving for eigarar og handverkarar. Oppfølging og opplæring om kulturminnevern til private eigarar er viktig for enkelte kulturminne, men det er også viktig å etablere lokale kompetansmiljø. Dette er tiltak som vil kunne ha effekt både for små og store kulturminne.

Planen legg opp til å fremje arbeidet med å formidle kunnskapen om lokale kulturminne. Riksantikvaren har gitt kommunane tilgang til den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*, som sjølv skal legge inn informasjon om lokalt prioriterte kulturminne. Dette er eit viktig tiltak i handlingsplanen, då dette som vil kunne synleggjere betre kulturminneinteressene og gjere forvaltinga av meir føreseieleg.

Å styrkja kulturminne som ressurs for utvikling er og eit mål i handlingsplanen, gjennom etablering av for eksempel ein byggeskikkpris, utarbeide lokalthistorisk pedagogisk materiale til bruk i skolen og satsing på kulturbasert næringsutvikling.

Hufthammartunet som kulturmiljø, er kun spesifikt nemnde i handlingsplan. Vi oppmodar difor at kommunen saman med frivillige lag og organisasjonar, går gjennom registrerte og innmeldt kulturminne og prioriterer tiltak på fleire utvalde kulturminne i planperioden.

Handlingsplanen er ikkje konkret når det gjeld kven har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering, framdrift og samarbeidspartnarar. For å kunne ta stilling til dei ulike tiltaka og prioritere mellom desse, er det difor naudsynt at handlingsplanen er meir konkret.

Forslag til vedtak:

- *Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Austevoll kommune. Tiltak i handlingsplanen bør konkretiserast med kven som har ansvar for oppfølging, kostnad, finansiering, framdrift og samarbeidspartnarar.*
- *Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnefagleg rådgjeving for private eigarar og lokal handverkarar.*

Medverknad

Fylkesrådmannen saknar meir konkret informasjon om medverknad og om korleis kommunen har tenkt å involvere innbyggjarane utover medverknad gjennom planhandsaming, informasjonsmøte og informasjon på nettet. Som del av målet med å auke kunnskapen om kulturminna i kommunen, bør ein ha med tiltak som involverer innbyggjarane i å identifisere, verdsetje og prioritere kulturminne i kommunen. Austevoll kommune bør òg sikre medverknad frå eigarar og grunneigarar som rår over viktige kulturminne. Det bør og vere ein plan for korleis ein skal informere innbyggjarane om kulturminne og lokalthistorie. Folkebiblioteket er ein viktig møteplass og kunnskapsressurs som bør nyttast i dette arbeidet.

Utforming og struktur

Ein såpass omfattande plan bør så langt som råd gjerast oversiktleg og brukarvenleg. Fylkesrådmannen har generelle kommentarar som gjeld utforming og struktur på plandokumentet: a) det bør vere bilettekst på alle illustrasjonane b) bileta bør og illustrere det rike og varierte kulturminnetilfanget i kommunen, c) litteraturliste kan utvidast med meir lokal informasjon d) avsnitt om nyare tids kulturminne i kapittel 5 bør utdjupast etter tema med fleire gode eksemplar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at planarbeidet i hovudsak er i tråd med dei lokale utfordringane på kulturminnefeltet i Austevoll kommune og den regionale satsinga i Hordaland fylke. Vi ber likevel om at ein gjer nokre endringar med omsyn til struktur, tekst og bilete, drøfting av nyare tids kulturminne under ulike tema. Med ei presisering av handlingsplanen vil kulturminneplan bli eit godt og tenleg styringsdokument for forvaltning av kulturminne i kommunen.